
Saksnr: 2020/48379-8
Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.06.2020

Godkjenning av prosjektrekneskap - universell utforming

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner prosjektrekneskap for universell utforming i samsvar med tilråding frå kontrollutvalet.

Samandrag

Prosjektrekneskap for prosjekt innanfor universell utforming er lagt fram. Rekneskapen viser avvik på 3,4 mill. kr eller 2,7%. Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapen vert godkjent.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Prosjektrekneskap for tiltak innanfor universell utforming er handsama i Kontrollutvalet.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse ettersom løyvinga til prosjektet er gjeve av fylkesutvalet.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune handsama i møte 11. mai 2020 prosjektrekneskap for tiltak innanfor universell utforming.

Kontrollutvalet gav slik uttale:

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Utvalet har merka seg at det har teke 4 år sidan siste løyving vart gjeve og fram til prosjektrekneskapen ligg føre til politisk handsaming.
3. Kontrollutvalet oppmoder fylkesrådmannen å vurdere om rutineane på dette området er gode og dekkande nok.
4. Utvalet ber Deloitte heretter levere revisjonsmeldingar på nynorsk som er Vestland fylkeskommune sitt administrasjonsspråk.

Det går fram av vedlegga at det har kome årlege løyvingar til dette prosjektet i budsjetta i perioden 2013 - 2018. I og med at løyvingane har gått over så mange år er det vanskeleg å måle prosjektkostnaden mot ei samla kostnadsramme. Det har vidare vore endringar i perioden for korleis prosjekt innan området universell utforming har vore handtert. I prosjektperioden er det også kome strengare offentlege krav.

Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapen vert godkjent med kostnad på 126,7 mill. kr. Meirforbruket er eit avvik på 2,8%.

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapen vert godkjent.